

# Reiselivet i Hordaland

## - konsum og ringverknader



HORDALAND  
FYLKESKOMMUNE



Utgivar:	Hordaland fylkeskommune, Regionalavdelinga Analyse, utgreiing og dokumentasjon (AUD) <a href="http://www.hordaland.no/aud">http://www.hordaland.no/aud</a>
Tittel:	Reiselivet i Hordaland – konsum og ringverknader
Publikasjonsserie/nr:	AUD-rapport nr: 03-12 <a href="http://www.hordaland.no/aud-rapportar">http://www.hordaland.no/aud-rapportar</a>
Dato:	24. april 2012
Forfattar:	Kathrin Jakobsen og Stian Skår Ludvigsen, PhD Tlf: 55 23 90 61, 55 23 92 79 E-post: <a href="mailto:kathrin.jakobsen@hfk.no">kathrin.jakobsen@hfk.no</a> , <a href="mailto:stian.ludvigsen@hfk.no">stian.ludvigsen@hfk.no</a>

# **INNHOLD**

OPPSUMMERING .....	4
1 Innleiring .....	7
2 Turistkonsumet i Hordaland .....	8
2.1 Turistkonsum blant norske og utanlandske turistar .....	9
2.2 Turistkonsum av reiselivsprodukt .....	10
2.3 Turistkonsum etter konsumentgruppe og reiselivsprodukt .....	11
3 Økonomiske verknader .....	12
3.1 Metode .....	12
3.2 Føresetnader .....	13
3.3 Resultat .....	14

# **OPPSUMMERING**

## **Hordaland er det tredje største reiselivsfylket etter Akershus og Oslo**

Turistkonsumet i Hordaland var i 2007 på 11,2 milliardar kroner, om lag 10 % av det totale turistkonsumet i Noreg. Dersom vi justerer desse tala med utgangspunkt i tilgjengelege nasjonale tala, kan vi også beregne tal for Hordaland for 2009. Turistkonsumet ville då ha auka til 11,5 milliardar kroner. Turistkonsumet er definert som norske og utanlandske turistar sine samla turistrelaterte utgifter i Hordaland, uavhengig av om føremålet med reisa er ferie og fritid eller forretningsreiser, kurs, eller liknande

## **Norske feriereisande konsumerer mest**

Norske feriereisande står for 51 % av turistkonsumet, norske forretningsreisande for 20 % og utanlandske turistar (ferie- og forretningsreisande) for 29 %.

## **Størst konsum av transporttenester**

46 % av turistkonsumet er transport. Overnatting- og serveringstenester står for 26 % av turistkonsumet og andre varer og tenester 28 %.

I Hordaland er turistkonsumet av andre varer og tenester nest størst samanlikna med andre fylke.

## **Konsumet varierer**


Norske feriereisande bruker nesten dobbelt så mykje på andre varer og tenester som på overnatting- og serveringstenester, medan utlendingar bruker om lag like mykje. Transport er det reiselivsproduktet både norske feriereisande og norske forretningsreisande konsumerer mest av. For utanlandske turistar er transport det reiselivsproduktet dei bruker minst pengar på. Utgifter til transport til/frå Noreg er ikkje inkludert når billettane blir kjøpte i heimlandet. Norske forretningsreisande sitt konsum av andre varer og tenester blir ikkje rekna som turistkonsum.

## **Direkte og indirekte verknader**

Turistkonsumet har både direkte og indirekte verknader. Dei direkte verknadene er produksjonsverdien av det turistane konsumerer av varer og tenester. Dette kan også målast i form av verdiskaping og sysselsetting. Dei indirekte verknadene er det som turistkonsumet genererer i andre næringer gjennom underleveransar av varer og tenester og ved auka eigar- og lønsinntekter som delvis blir nytta til kjøp av varer og tenester.

## 8 milliardar kroner i verdiskaping

Produksjonsverdien av turistkonsumet i Hordaland i 2009 er berekna til 16,5 milliardar kroner. Dette gir ei verdiskaping på 8 milliardar kroner. Reiselivet i Hordaland står med dette for 4 % av den totale verdiskapninga i Hordaland.




**Figur A: Direkte og indirekte verknader av turistkonsumet på produksjon og verdiskaping i Hordaland, 2009**

Dei direkte verknadene utgjer om lag 70 % både av den totale produksjonsverdien og verdiskapninga, og er størst innan hotell- og restaurant, varehandel og land- og luftransport. Tala viser også at turistane sitt konsum av varer og tenester i Hordaland gir «pengar i kassa» i ei rekke andre næringer enn den næringa konsumet foregår i. Dei indirekte verknadene av turistkonsumet er aller størst innan eigedomsdrift, deretter forretningsmessig tenesteyting og privat tenesteyting.

## 14 000 arbeidsplassar

Turistkonsumet i Hordaland i 2009 er berekna å gi arbeid til over 14 000 personar. Den reiselivsrelaterte sysselsettinga står med dette for 5,8 % av den totale sysselsettinga i Hordaland. Reiselivsnæringane er prega av mange deltidsstillingar. Målt i årsverk ville denne delen blitt noko lågare.



**Figur B: Direkte og indirekte verknader av turistkonsumet på sysselsettinga i Hordaland, 2009**

Dei direkte verknadene utgjer 75 % av dei totale verknadene på sysselsettinga. Dei indirekte effektane utgjer om lag 3 500 arbeidsplassar og er aller størst innan privat tenesteyting, deretter forretningsmessig tenesteyting og varehandel.

### Frå 100 til 143

Ein auke i turistkonsumet i Hordaland på 100 kroner fører til ein auke i produksjonen totalt i næringslivet på 143 kroner.

Dersom verdiskapinga aukar med 100 kroner som følgje av endring i turistkonsumet, fører dette til ein auke i verdiskapinga totalt i næringslivet på 145 kroner.

Dersom sysselsettinga aukar med 100 personar som følgje av endring i turistkonsumet, fører dette til ein auke på 133 arbeidsplassar i næringslivet totalt.

# 1 Innleiing

Analyse, utgreiing og dokumentasjon (AUD) har på oppdrag frå Næringsseksjonen i Regionalavdelinga gjennomført ein analyse av dei økonomiske verknadene av reiselivet i Hordaland. Analysen vil inngå som ein del av grunnlagsdokumentasjon for Hordaland fylkeskommune si satsing på reiseliv og oppfølging av reiselivsstrategien.

Målet med analysen har vore å synleggjere kva verknader reiselivet har på produksjon, verdiskaping og sysselsetting i Hordaland, både i dei tradisjonelle reiselivsnæringane og andre næringar.

Reiselivet er ikkje definert som ei eiga næring i offisiell statistikk. Reiselivet inngår i mange ulike næringar, slik som hotell- og restaurant, transport, varehandel, personleg tenesteyting, etc. Dette er næringar som produserer varer og tenester som er spesielt reiselivsrelaterte (reiselivsprodukt). Når salet av reiselivsprodukt til turistar utgjer ein monaleg del av produksjonen i næringa, blir næringa kalla for ei reiselivsnæring.

Reiselivet kan analyserast både frå tilbodssida og etterspurnadssida. Dersom ein tek utgangspunkt i tilbodssida, kan ein beregne produksjonen i reiselivsnæringane. Dette vil imidlertid føre til ei overestimering av produksjonen i reiselivet, fordi det ikkje berre er turistar som kjøper reiselivsprodukt, men også fastbuande.

For å kunne rekne ut verknadene av reiselivet, må vi difor ta utgangspunkt i etterspurnadsida, dvs. det turistane konsumerer, og finne ut kva dette tilsvarer av produksjon, sysselsetting og verdiskaping.

Tal for turistkonsumet er henta frå SSB sin fylkesfordelte satelittrekneskap for turisme for 2007 og den nasjonale satelittrekneskapen for turisme for 2009. Grunnlaget for denne statistikken er SSB sin overnatningsstatistikk og Transportøkonomisk Institutt (TØI) sine spørjeundersøkingar til turistar. Statistikken er ikkje heildekkjande, dvs at den fangar ikkje opp alle former for turistkonsum i Noreg. Dei minste overnattingstadene er til dømes ikkje rapporteringspliktig til SSB. I tillegg kjem privat innkvartering, slik som fritidsboligar, fritidsbåtar, besøk hos slekt og venar, etc. Statistikken fangar vidare berre delvis opp dagsreisar og gjenomreisande sitt konsum.<sup>1</sup>

*Regional Næringsanalysemodell (REGNA), tilgjengeleg i Plan- og analysesystem for næring, demografi og arbeidsmarked (PANDA)* er nyttta for å berekne verknadene av turistkonsumet på fylkesnivå.<sup>2</sup>

---

<sup>1</sup> Sjå Fylkesfordelt satelittregnskap for turisme 2007. TOURIMPACT rapport nr. 3, SSB


<sup>2</sup> Versjonen som er nyttta er ein testversjon med siste tilgjengelege data for fylkesfordelt nasjonalrekneskap (FNR 2008). Ein eldre versjon basert på FNR 1997 kan berekne fleire økonomiske tal enn produksjon, men dette er ikkje tilgjengeleg i testversjonen. Testversjonen blei tilgjengeleg for PANDA sine brukarar 10.06.2011. Vi tar etterhald om endringar frå testversjon til endeleg versjon av REGNA med FNR 2008.

## 2 Turistkonsumet i Hordaland

I den fylkesfordelte satelittrekneskapen for turisme er turistkonsumet definert som norske og utanlandske turistar sine samla turistrelaterte utgifter i dei 19 fylka i Noreg<sup>3</sup>. Det inkluderer varer og tenester som turistane kjøper, anten føremålet med reisa er ferie og fritid eller på oppdrag for arbeidsgjevar med føremål forretningsreiser, kurs, konferansar eller liknande.

Ein turist er ein person som reiser til eller oppheld seg på ein stad som ligg utanfor det området han eller ho normalt ferdast i, der reisa er av ein ikkje rutinemessig karakter og opphal-det varer under eitt år. Både dag- og overnattingsturistar er inkludert i turismeomgrepet.

Turistkonsumet i dei 19 fylka i 2007 er berekna til 112 milliardar kroner<sup>4</sup>. 11 milliardar er kon-sumert i Hordaland. Dette utgjer om lag 10 %. Hordaland er med dette det tredje største reiselivsfylket i Noreg, etter Akershus og Oslo.



**Figur 1: Turistkonsum etter fylke, 2007**

Kjelde: SSB, Fylkesfordelt satelittrekneskap for turisme

<sup>3</sup> Av konfidensialitetsårsaker og mangelfullt datagrunnlag er turistkonsumet ikke berekna for området utanfor det norske fastlandet. Det vil med anna seie at Svalbard ikkje er med.

<sup>4</sup> Dette talet avviker noe fra det som er publisert i det nasjonale satelittregnskapet for turisme. Forskjellene skyldes hovedsakelig at turoperatørtjenester i de fylkesvise beregningene er nettoført og at husholdningers konsum av dagligvarer og andre varer og tjenester mens de er på tur, er inkludert. I det nasjonale satelittregn-skapet anses det at slike dagligvarer er noe husholdningene ville ha brukt uavhengig av om de var på reise eller ei, og dermed tas de ikke med i totalkonsumet. Kjelde: Fylkesfordelt satelittregnskap for turisme 2007, TOU-RIMPACT rapport nr 3, SSB, Rapport 37/2011.

## 2.1 Turistkonsum blant norske og utanlandske turistar


I statistikken blir turistar delt inn i norske og utanlandske turistar. Dette refererer til kor ein person bur eller kor næringsverksemda er lokalisert. Dei norske turistane sitt konsum er fordelt på forretningsreiser og privatreiser. Dette gir følgjande konsumentgrupper:

1. Norske hushald
2. Norske næringar
3. Utlendingar (inkluderer både forretningsreiser og privatreiser)

Det er dei norske turistane, dvs. norske hushald og norske næringar, som står for den største delen av turistkonsumet i alle fylka. I Hordaland står dei norske turistane for over 70 % av det totale turistkonsumet. Dette tilsvarer 7,9 mrd kroner.

Norsk næringsliv åleine står for 20 % av det totale turistkonsumet i Hordaland og norske hushald 51 %. At ein såpass stor del av turistkonsumet er generert av norsk næringsliv i Hordaland, skuldast truleg at det er mykje verksemd som genererer forretningsreiseverksemd og flyplassar som bringer norske forretningsreisande til og frå fylket (SSB, Fylkesfordelt satelittrekneskapet for turisme 2007).

Dei utanlandske turistane står for 29 % av turistkonsumet i Hordaland. Dette tilsvarer 3,3 mrd kroner.



**Figur 2: Turistkonsum etter fylke og konsumentgruppe, 2007, sortert etter totalkonsum**


Kjelde: SSB, Fylkesfordelt satelittrekneskap for turisme

## 2.2 Turistkonsum av reiselivsprodukt

I satelittrekneskapen for turisme er turistkonsumet fordelt på tre grupper av varer og tenester: overnattings- og serveringstenester, transport og andre varer og tenester. Alt konsum av overnattingstenester er definert som turistkonsum. Transport omfattar hovudsakleg passasjertransporttenester. I tillegg omfattar det utleigetenester av bilar, campingbilar m.v., reisebyrå- og turoperatørtenester og utgifter til bruk av private framkomstmidlar på reisa. Det er ei rekke næringer som leverer desse varene og tenestene. Turistkonsum av andre varer og tenester inkluderer til dømes aktivitetar, daglegvarer, klær, boligtenester og andre personlege tenester.

Ikkje alle desse varene og tenestene er rekna som reiselivsprodukt. Dei klassiske reiselivsprodukta er overnattings- og serveringstenester, passasjertransporttenester, reisebyrå- og turoperatørtenester, samt utleige av bilar, museumstenester, turistrelaterte sportsaktivitetar, etc. Dette er varer og tenester som er typiske for reiselivsnæringane og som er spesielt relevante i reiselivssamanheng.

Dei næringane som blir omtalt som reiselivsnæringar er næringar kor salet til turistar utgjer ein markant del av produksjonen i næringa.




**Figur 3: Turistkonsum etter fylke og reiselivsprodukt, 2007, sortert etter totalkonsum**

Kjelde: SSB, Fylkesfordelt satelittrekneskap for turisme

I Hordaland utgjorde transport den største delen av turistkonsumet (46 %). Overnattings- og serveringstenester og andre varer og tenester utgjer om lag like store delar (26 og 28 %). Hordaland er nest største fylke på turistkonsum av andre varer og tenester målt i absolute tal. Berre Hedmark er større. 3,1 milliardar kroner konsumerte turistane i Hordaland av desse produkta i 2007. Kor mykje aktivitetar utgjer av det totale konsumet av andre varer og tenester, er ikkje kjend.

## 2.3 Turistkonsum etter konsumentgruppe og reiselivsprodukt

For norske hushald er heile konsumet på reisene å rekne som turistkonsum i den fylkesfordelte satelittrekneskapen for turisme. Utgifter som er uavhengig av om personen er på reise eller ikkje, slik som matvarer, drikkevarer og tobakk og klær og skotøy, er tatt med som turistkonsum i motsetning til i den nasjonale satelittrekneskapen. Norske hushald konsumerte meir av overnattings- og serveringstenester enn norske næringar i Hordaland i 2007 (1 060 millionar kroner) og nesten dobbelt så mykje som norske næringar på transport (2 744 millionar kroner). Utgifter som nordmenn på reise til utlandet har hatt til reisebyråtenester, er inkludert under transport.



**Figur 4: Turistkonsum i Hordaland etter konsumentgruppe og reiselivsprodukt, mill. kr., 2007**

Kjelde: SSB, Fylkesfordelt satelittrekneskap for turisme

For norske næringar er det berre konsumet som er betalt av arbeidsgjevar som inngår i turistkonsumomgrepet. Konsumet til norske næringar omfattar difor berre overnattings- og ser-

veringstenester og transport, ikkje andre varer og tenester. Norske næringar konsumerte for 782 millionar kroner på overnatting og servering i Hordaland i 2007 og 1,4 mrd på transport.

Alle turistrelaterte utgifter som utanlandske turistar har på reise Noreg, er rekna som turistkonsum. Dette skuldast at alle desse utgiftene vil påverke norsk økonomi. Det utanlandske turistar i Hordaland brukte mest pengar på i 2007 var overnattings- og serveringstenester (1,1 mrd) og andre varer og tenester (1,2 mrd), sjå figur 4. 973 millionar kroner gjekk til transport i Hordaland.

### 3 Økonomiske verknader

I dette kapittelet er det gjort ei berekning av kva turistkonsumet i Hordaland genererer i form av produksjon, verdiskaping og tal sysselsette.

#### 3.1 Metode

Analysen er basert på SSB sin fylkesfordelte satellitrekneskap for turisme for 2007, det nasjonale turistkonsumet for 2009 og fylkesfordelt nasjonalrekneskap (FNR) for 2008. Konsekvensanalysen er basert på *Regional Næringsanalysemødell* (REGNA), tilgjengeleg i *Plan- og analysesystem for næring, demografi og arbeidsmarked* (PANDA).<sup>5</sup>

For kvar av næringane som har eit direkte turistkonsum er det berekna fire datasett: eitt for produksjon<sup>6</sup> og eitt for sysselsetting<sup>7</sup> utan endring i turistkonsum, og eitt for produksjon og eitt for sysselsetting med turistkonsumet fråtrekka. Berekna differanse mellom desse i 2009 er vist som resultat i tabellane i neste kapittel.

Modellkjøringane i REGNA er basert på produksjon. Verdiskaping<sup>8</sup> i 2002, 2006 og 2008 (estimat), er berekna av SINTEF, og vi har nytta gjennomsnittet av desse åra for å rekne om produksjonstala til verdiskaping.

Turistkonsumet på 11 507 millionar kroner er rekna som produksjon. Verdiskapinga av dette estimerer vi å vere 5 461 millionar.

---

<sup>5</sup> REGNA er beskrive i *PANDA Brukerhåndbok – Matematisk beskrivelse av datatilpasning, prosjektgenerering og beregninger i den regionaløkonomiske modellen REGNA*:

[http://panda.sintef.no/panda/doc/pdf/Modellbeskrivelse\\_REGNA.pdf](http://panda.sintef.no/panda/doc/pdf/Modellbeskrivelse_REGNA.pdf). Bruk av REGNA er beskrive i kapittel 3 og 4 i *PANDA Brukerhåndbok – Modellanalyse i PANDA*:

[http://panda.sintef.no/panda/doc/pdf/PANDA\\_modellanalyse.pdf](http://panda.sintef.no/panda/doc/pdf/PANDA_modellanalyse.pdf).

<sup>6</sup> Produksjon er verdien av varer og tenester frå produksjonsaktivitet i Hordaland. For varehandel er det til dømes avansen knytt til salet (salsverdien av varen fråtrekt innkjøpskostnadene)


<sup>7</sup> Sysselsette er definert som personar som utførte inntektsgjenvante arbeid på minst ein time i referanseveka (veke 47) det aktuelle året, samt personar som har slikt arbeid, men so var midlertidig fråverande på grunn av sjukdom, ferie, løna permisjon el.l.

<sup>8</sup> Verdiskaping er definert som produksjon fråtrekt produktinnsats

Vi har halde næringer knytt til utvinning og produksjon av råstoff og petrokjemiske produkt utanom analysen.<sup>9</sup>

## 3.2 Føresetnader

I den nasjonale satellittrekneskapen for turisme er turistkonsumet brote ned på fleire grupper av varer og tenester (sjå figur 5).<sup>10</sup>



**Figur 5: Turistkonsum i Noreg etter reiselivsprodukt, 2009**

Kjelde: SSB, Nasjonalt satellittrekneskap for turisme

SSB sine nasjonale tal for produktfordelt turistkonsum i 2009 er omrekna til hordalandstal ved hjelp av prosentdelane i den fylkesfordelte satellittrekneskapen frå 2007.<sup>11</sup>

I den grad det er mogleg, knyt vi konsumet av reiselivsprodukta til dei definerte næringane i REGNA. Dei produkta det finst tilsvarende næringar for i REGNA er *hotell og restaurant, luft- og landtransport, innanriks sjøfart, utanriks sjøfart og varehandel*.

<sup>9</sup> Desse er tekne med i berekninga av total sysselsetting og verdiskaping. Omrekning frå produksjon til verdiskaping er basert på gjennomsnitt av 2002, 2006 og 2008 (estimat) for *bergverksdrift elles, produksjon av kjemiske råvarer, produksjon av kjemisk-tekniske produkt og raffinering av jordolje og kullprodukt*; og gjennomsnitt av 2002 og 2006 for *olje og gassutvinning og røyrtransport*. Det er ikkje berekna verdiskaping i Hordaland for *bryting av malm og bryting av kull og torv*.

<sup>10</sup> <http://www.ssb.no/turismesat/>

<sup>11</sup> [http://www.ssb.no/emner/09/01/rapp\\_201137/](http://www.ssb.no/emner/09/01/rapp_201137/)

I dei andre kategoriane inngår det fleire og ulike produkt. SSB har ikkje tal for denne fordelinga, korkje for heile landet eller på fylkesnivå. Her må vi derfor gjere nokre anslag:

- 1) *Reisebyrå- og turoperatørtenester, samt utleige av bilar* er i stor grad turoperatørtenester. Her inngår også konsumet til hordalendingar som skal reise utanlands eller ut av fylket. Dette er likevel inkludert fordi det er med å påverke norsk økonomi og økonomien i Hordaland. Konsumet er knytt opp mot forretningsmessig tenesteyting.
- 2) *Museumstenester, turistrelaterte sportsaktivitetar, etc.* er i stor grad skibakkar og lystparkar. Inkludert er òg museum. Sidan desse ofte er offentlege, er produksjonen i henhold til nasjonalrekneskapsprinsipp låg, og konsumet er det som dei besøkjande betaler for ved inngangen. Både fordi dette konsumet er lågt og fordi det er vanskeleg å skilje konsumet av desse tenestene frå konsumet av turistrelaterte sportsaktivitetar, har vi vald å leggje dette konsumet i sin heilskap inn under personleg tenesteyting.
- 3) *Transportutgifter elles* består aller mest av drivstoffutgifter. Elles er parkering og bompengar betydelege i desse tala. Noko er verkstadtenester. Vi har anslått at 70 prosent av transportutgiftene går til drivstoff, og plasserer dette innanfor næringa *Varehandel* i REGNA. Konsum av parkering og bompengar er lagt inn under *Luft- og landtransport*.
- 4) Av *Andre varer og tenester* utgjer husleige (berekna og reell) for feriebustader, samt energiforbruket til desse, om lag halvparten av konsumet. Andre komponentar er til dømes store og varige fritidsprodukt som båtar, reiseforsikringar, post og teletenester, og spatenester. Vi har anslått at tre åttandedelar av konsumet innanfor *Andre varer og tenester* går til husleige, og vi plasserer dette innanfor næringa *Eigedomsdrift* i REGNA. Vi har anslått at ein åttandedel av konsumet går til energi, og plasserer dette innanfor næringa *Kraft og vassforsyning*, ein åttandedel går til reiseforsikringar og plassert inn under *Finansiell tenesteyting*, ein åttandedel *til post- og teletenester*, ein åttandedel til *privat tenesteyting* og ein åttande del til *varehandel*.

### 3.3 Resultat

Turistkonsumet er i alt på 11,5 milliardar kroner. Dei viktigaste drivarane for reiselivet er varehandel, hotell- og restaurantverksemd og luft- og landtransport. Desse næringane står for 67 % av turistkonsumet (sjå figur 6). Produksjonsverdien av dette turistkonsumet er dei direkte verknadene.


Ringverknadene av turistkonsumet, eller dei indirekte verknadene, er relativt små i desse tre næringane. Aller minst er dei indirekte verknadene av turistkonsumet for hotell- og reiselivsverksemda. Det betyr at turistkonsumet i dei øvrige næringane i liten grad genererer etterspurnad etter varer og tenester frå hotell- og restaurantverksemndene.<sup>12</sup> Innan varehandel er dei indirekte verknadene noko større. Dette kan vere leveransar av varer til restaurantar, til opplevingsaktivitetar, etc.

---

<sup>12</sup> Her er det kausalmekanismar vi ikkje fangar opp. Ein turist som reiser for å få opplevelingar, må overnatte på hotell eller andre overnattingsstader, men sjølv konsumet av opplevelingar (billettkjøpet) fører ikke til at produsenten av opplevelingane etterspør fleire hotell- og restauranttenester.

Aller størst er dei indirekte verknadene av turistkonsumet innan eigedomsdrift. Det kan til dømes skuldast at eigedomsdrift og drift av hotell- og restauraverksemda nokre gongar er skilde frå kvarandre. Ein auke i turistane sitt konsum av hotell- og restauranttenester kan difor generere behov for å leige større areal. Dette gjeld også andre turistrelaterte aktivitetar innan til dømes privat tenesteyting.

Også innan forretningsmessig tenesteyting og privat tenesteyting er dei indirekte verknadene av turistkonsumet store.



**Figur 6: Direkte og indirekte effektar av turistkonsumet i Hordaland på produksjonen, 2009**

Tabell 1 viser verknadene av turistkonsumet på produksjon, verdiskaping og sysselsetting i dei næringane turistkonsumet har funne stad. Det er tre rader for kvar næring, der *direkte* viser inndata i analysen (kor stor del av turistkonsumet som er trekt frå næringa), *indirekte* viser ringverknadene av turistkonsumet i dei øvrige næringane og *direkte og indirekte* viser resultatet av analysen for dei einskilde næringane.

**Tabell 1: Verknader i næringar med turistkonsum**

Næring	Verknad	Del av turistkonsumet	Produksjon (1000 000 kroner)	Verdiskaping (1 000 000 kroner)	Sysselsetting	Konsekvens i prosent
Varehandel	Direkte	16,1 %	1 855	1 008	2 244	7,6 %
	Indirekte		356	193	431	1,5 %
	Direkte og indirekte		2 211	1 201	2 675	9,1 %
Hotell og restauratorksem	Direkte	26,5 %	3 052	1 564	4 122	50,5 %
	Indirekte		123	63	165	2,0 %
	Direkte og indirekte		3 175	1 627	4 287	52,6 %
Utanriks sjøfart	Direkte	3,9 %	446	109	22	1,4 %
	Indirekte		104	25	5	0,3 %
	Direkte og indirekte		550	134	27	1,8 %
Innanriks sjøfart	Direkte	1,3 %	149	65	323	11,7 %
	Indirekte		20	9	44	1,6 %
	Direkte og indirekte		169	74	367	13,3 %
Land- og lufttransport	Direkte	24,5 %	2 820	1 064	1 654	18,9 %
	Indirekte		376	142	221	2,5 %
	Direkte og indirekte		3 195	1 205	1 875	21,4 %
Eigedomsdrift	Direkte	6,1 %	707	400	112	2,8 %
	Indirekte		1 075	608	171	4,3 %
	Direkte og indirekte		1 782	1 008	283	7,1 %
Kraft og vassforsyning	Direkte	2,0 %	236	179	56	2,5 %
	Indirekte		197	150	46	2,1 %
	Direkte og indirekte		433	329	102	4,6 %
Finansiell teneseyting	Direkte	2,0 %	236	130	79	1,4 %
	Indirekte		188	103	62	1,1 %
	Direkte og indirekte		423	233	141	2,5 %
Forretningsmessig teneseyting	Direkte	10,4 %	1 199	664	1 096	4,5 %
	Indirekte		709	392	647	2,6 %
	Direkte og indirekte		1 908	1 057	1 743	7,1 %
Tele- og posttjenester	Direkte	2,0 %	236	78	149	5,4 %
	Indirekte		168	56	107	3,9 %
	Direkte og indirekte		403	134	256	9,3 %
Privat teneseyting	Direkte	2,0 %	572	342	833	3,3 %
	Indirekte		484	289	705	2,8 %
	Direkte og indirekte		1 056	631	1 538	6,1 %
Sum næringar med turistkonsum	Direkte	100,0 %	11 507	5 603	10 690	
	Indirekte		3 798	2 031	2 604	
	Direkte og indirekte		15 305	7 634	13 294	

Varehandelen sin del av turistkonsumet er berekna til 16,1 prosent. Produksjonsverdien av dette er 1 855 millionar kroner. Dette tilsvarer ei verdiskaping på 1 008 millionar kroner, som er 7,6 prosent av den totale verdiskapinga i varehandelen. Dei indirekte effektane av turistkonsumet i dei øvrige næringane for produksjonen i varehandelen er på 356 millionar kroner. Dette tilsvarer 193 millionar kroner i verdiskaping. Den totale effekten av turistkonsumet er med dette 2 211 millionar kroner i produksjonsverdi og 1 201 millionar kroner i verdiskaping. Dette utgjer 9,1 prosent av den totale verdiskapinga i varehandelen.

Hotell- og restaurantverksemd sin del av turistkonsumet er berekna til 26,5 %. Produksjonsverdien av dette konsumet er 3 053 millionar kroner, som tilsvarer ei verdiskaping på 1 564 millionar kroner. Dette utgjer om lag halvparten av den totale verdiskapinga i hotell- og restaurantverksemd (50,5 %).

Den totale effekten for hotell- og restaurantverksemd er på 1 627 millionar. Dei indirekte effektane av turistkonsumet i dei øvrige næringane for produksjonen i hotell- og restaurantverksemd er 123 millionar kroner. Dette gir 63 millionar kroner meir i verdiskaping. Den totale effekten av turistkonsumet i hotell- og restaurantverksemd er 3 175 millionar kroner i produksjonsverdi og 1 627 millionar kroner i verdiskaping. Dette utgjer til saman 53 % prosent av den totale verdiskapinga i hotell- og restaurantverksemd.

Land- og luftransport sin del av turistkonsumet er nesten like stort som hotell- og restaurantverksemd med 24,5 %. Produksjonsverdien av dette konsumet er 2 820 millionar kroner og verdiskapinga er 1 064 millionar kroner. Dette utgjer 18,9 % av den totale produksjonen innan land- og luftransport. Dei indirekte effektane av turistkonsumet i dei øvrige næringane er for produksjonen 376 millionar kroner og for verdiskapinga 142 millionar kroner. Dei totale effektane er høvesvis 3 195 millionar kronar og 1 205 millionar kroner. Til saman utgjer dette 21,4 % av den totale produksjonen og verdiskapinga innan land- og luftransport.

Den totale effekten for produksjonen i utanriks sjøtransport er 550 millionar, innanriks sjøtransport 169 millionar, eigedomsdrift 1 782 millionar, kraftforsyning 433 millionar kroner, finansiell tenesteyting 423 millionar, forretningsmessig tenesteyting 1 908 millionar, tele- og posttenester 403 millionar og privat tenesteyting 1 056 millionar.

Den totale effekten på produksjonen i dei næringane kor turistkonsumet finn stad, er 15,3 milliardar kroner. 11,5 milliardar er direkte verknader og 3,8 milliardar er indirekte verknader. Dette tilsvarer ei verdiskaping på totalt 7,6 milliardar kroner i desse næringane.

Sysselsettingsreduksjonen for dei einskilde næringane er berekna likt med verdiskapingsreduksjonen. Formelt har vi i modellen berre redusert produksjonen, med direkte relasjon til verdiskaping, medan sysselsetting er eit resultat av produksjon (turistkonsum). For dei einskilde næringane er sysselsettingsreduksjonen derfor i prosent lik med verdiskapingsreduksjonen. Dette gjeld ikkje for summen av næringane, fordi dei ulike næringane har ulik grad av sysselsetting og verdiskaping per årsverk. Til dømes er det berekna ei verdiskaping på 380 000 per sysselsett innan hotell og restaurant, medan det er berekna ei verdiskaping på 5

millionar per sysselsett innan utanriks sjøfart. Fordi hotell og restaurant utgjer over halvparten av sysselsettinga, gir dette stor skilnad på summen av effektar i dei næringane kor turistkonsumet finn stad.

Totalt vil turistkonsumet på 11,5 mrd kroner generere om lag 13 000 arbeidsplassar i dei næringane som har eit direkte turistkonsum. Om lag 10 700 av desse arbeidsplassane kjem som eit resultat av det direkte konsumet, medan 2 600 arbeidsplassar kjem som følgje av underleveransar av varer og tenester.


Hovudtyngda av arbeidsplassar som blir generert finn vi innan hotell- og restaurantverksemda, som er ei svært arbeidsintensiv næring. Om lag 4 300 arbeidsplassar i denne næringa kjem som følgje av turistkonsumet. Innan varehandel er 2 700 arbeidsplassar eit resultat av turistkonsumet.

Verdiskaping per tilsett er klårt høgst innan utanriks sjøfart, eigedomsdrift og kraft- og vassforsyning (sjå tabell 2). Verdiskapinga per tilsett er lågast i innanriks sjøfart, hotell- og restaurantverksemde, privat tenesteyting og varehandel.

**Tabell 2: Verdiskaping per tilsett i næringar med turistkonsum**

Næring	Verdiskaping per tilsett
Varehandel	449 151
Hotell og restaurantverksemde	379 489
Utanriks sjøfart	4 966 928
Innanriks sjøfart	200 992
Land- og luftransport	642 828
Eigedomsdrift	3 563 023
Kraft og vassforsyning	3 225 098
Finansiell tenesteyting	1 655 004
Forretningsmessig tenesteyting	606 177
Tele- og posttenester	523 440
Privat tenesteyting	410 266
Sum næringar med turistkonsum	574 224

Turistkonsumet genererer også ringverknader i dei næringane som ikkje har eit direkte turistkonsum, sjå figur 7. Den næringa som det vil være størst behov for underleveransar frå er bygg- og anleggsverksemd, deretter næringsmiddelindustri, kommunal tenesteyting, forlag og grafisk energi og reparasjon av kjøretøy og hushaldningsmaskinar.



**Figur 7: Verknader av turistkonsumet i Hordaland på produksjonen i øvrige næringar, 2009**


Tabell 3 viser verknadene av turistkonsumet på produksjon, verdiskaping og sysselsetting i næringar utan eit direkte turistkonsum. Dei største ringverknadene ventar vi oss innan bygg- og anleggsverksemd (282 millionar i produksjon, 103 millionar i verdiskaping og 70 sysselsette) og næringsmiddelindustri (171 millionar i produksjon, 54 millionar i verdiskaping og 70 sysselsette).

Totalt for desse næringane fører turistkonsumet i Hordaland til 1 165 millionar kroner i produksjonsverdi, 497 millionar i verdiskaping og 915 arbeidsplassar.

**Tabell 3: Verknader av turistkonsumet på andre næringar**

Næring	Verknad	Del av turistkonsumet	Produksjon (1000 000 kroner)	Verdiskaping (1 000 000 kroner)	Sysselsetting (tal arbeidsplassar)
Jordbruk	Indirekte	0 %	36	17	92
Skogbruk	Indirekte	0 %	3	2	3
Fiske og fangst	Indirekte	0 %	9	6	14
Fiskeoppdrett	Indirekte	0 %	12	2	3
Fiskeforedling	Indirekte	0 %	22	5	8
Næringsmiddelindustri	Indirekte	0 %	171	54	70
Drikkevare- og tobakksindustri	Indirekte	0 %	22	13	11
Tekstilindustri	Indirekte	0 %	4	2	3
Klesvareindustri	Indirekte	0 %	2	1	2
Lær- og lærvareindustri	Indirekte	0 %	1	0	1
Trelast- og trevareindustri	Indirekte	0 %	7	3	6
Treforedling	Indirekte	0 %	0	0	1
Forlag og grafisk industri	Indirekte	0 %	110	51	44
Gummivare- og plastindustri	Indirekte	0 %	4	1	3
Keramisk industri	Indirekte	0 %	0	0	0
Glass- og glassvareindustri	Indirekte	0 %	2	1	1
Mineralsk industri	Indirekte	0 %	9	3	4
Jarn- og stålindustri	Indirekte	0 %	0	0	0
Ikkje-jarnhaldig metallindustri	Indirekte	0 %	0	0	0
Metallvareindustri	Indirekte	0 %	28	13	15
Maskinvareindustri	Indirekte	0 %	57	20	13
Elektrovareindustri	Indirekte	0 %	11	3	4
Prod. av instrument og teknisk utstyr	Indirekte	0 %	8	3	3
Bygging av fartøy og oljeplattformer	Indirekte	0 %	21	6	5
Anna transportmiddelindustri	Indirekte	0 %	4	2	5
Møbelindustri	Indirekte	0 %	4	2	25
Anna industriproduksjon	Indirekte	0 %	4	2	4
Bygge- og anleggsvirksem	Indirekte	0 %	282	103	173
Rep. av kjøretøy og husholdningsmaskinar	Indirekte	0 %	108	32	108
Forsking og utviklingsarbeid	Indirekte	0 %	15	7	35
Kommunal tenesteyting	Indirekte	0 %	132	97	219
Statleg tenesteyting	Indirekte	0 %	76	47	76
Sum andre næringar	Indirekte	0 %	1 165	497	951

For alle næringane under eitt utgjer turistkonsumet totalt 16,5 milliardar i produksjonsverdi, 8,1 milliardar kroner i verdiskaping og over 14 000 arbeidsplassar (sjå figur 8 og tabell 4).



**Figur 8: Direkte og indirekte effektar av turistkonsumet i Hordaland, 2009**

Den reiselivsrelaterte verdiskapinga utgjer 4 % av den totale verdiskapinga i Hordaland. Den reiselivsrelaterte sysselsettinga utgjer på si side 5,8 % av den totale sysselsettinga. Dette skuldast truleg stor bruk av deltidsstillingar i reiselivsnæringane, spesielt hotell og restaurant.

**Tabell 4: Totale verknader, konsekvens i prosent og multiplikatoreffekt**

	Produksjon	Verdiskaping	Sysselsetting
<i>Totale verknader</i>	(1 000 000 kr)	(1 000 000 kr)	(tal arbeidsplassar)
Direkte	11 507	5 603	10 690
Indirekte	4 963	2 527	3 555
Direkte og indirekte	16 470	8 130	14 245
<i>Konsekvens i prosent</i>			
Direkte	2,8 %	2,8 %	4,3 %
Indirekte	1,2 %	1,2 %	1,4 %
Direkte og indirekte	4,0 %	4,0 %	5,8 %
<i>Multiplikator</i>	1,43	1,45	1,33

Desse tala kan også nyttast til å berekne kor store ringverknader ein kan forvente ut frå ei viss endring i turistkonsumet. Summen av direkte og indirekte verknader delt på direkte verknader, er eit mål for ein slik multiplikatoreffekt.

Ein auke i turistkonsumet i Hordaland på 100 kroner fører til ein auke i produksjonen totalt i næringslivet på 143 kroner. Ringverknadene er med andre ord 43 kroner. Dersom verdiskapinga som følgje av turistkonsumet aukar med 100 kroner, vil den totale verdiskapinga auke med 145 kroner. For sysselsettinga er multiplikatoreffekten noko lågare. Dersom sysselsettinga aukar med 100 arbeidsplassar som følgje av ein auke i turistkonsumet, vil den totale sysselsettinga auke med 133 arbeidsplassar.



Hordaland fylkeskommune har ansvar for å utvikle Hordalandssamfunnet. Vi gir vidaregåande opplæring, tannhelsetenester og kollektivtransport til innbyggjarane i fylket. Vi har ansvar for vegsamband og legg til rette for verdiskaping, næringsutvikling, fritidsopplevingar og kultur.

Som del av eit nasjonalt og globalt samfunn har vi ansvar for å ta vare på fortida, notida og framtida i Hordaland. Fylkestinget er øvste politiske organ i fylkeskommunen.



**HORDALAND  
FYLKESKOMMUNE**

Regionalavdelinga  
**Analyse, utgreiing og dokumentasjon**  
Agnes Mowinckels gate 5  
Postboks 7900  
5020 Bergen

Tel: 55 23 92 82  
e-post: regional@hfk.no

[www.hordaland.no](http://www.hordaland.no)

April 2012